

# Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde

## Møtereferrat

**Møte:** Møte nr. 1-2019 i Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde

**Dato:** 10. april 2019

**Stad:** Ålesund rådhus, lavblokka møterom 470

**Møtetid:** kl. 10.00-14.00

### Til stades:

*Frå Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde:*

Giske kommune ved kommunalsjef Lene Bjørlo Overå

Haram kommune ved einingsleiar Beate Eiken

Norddal kommune ved påtroppande kommunalsjef for helse og omsorg i Fjord kommune

Kjetil Heggem, no omsorgsleiar i Stordal kommune

Skodje kommune ved einingsleiar helse og omsorg Per Løkkeborg

Stranda kommune ved einingsleiar for rehabilitering og habilitering Lill Gullbekkhei

Sula kommune ved konsulent på Tiltakskontoret Astrid Engetrøen

Sykkylven kommune ved kommunalsjef Eli Otterlei

Ørskog kommune ved einingsleiar for helseavdelinga Linda Hoff Johansen

Ålesund kommune ved virksomhetsleder for tildelingskontor helse og omsorg Birte Vegsund

HMR – Ålesund sjukehus ved praksiskonsulent Stian Endresen

HMR – Ålesund sjukehus ved avdelingssjef for klinikk for akuttbehandling Elin Molvær Dybvik

HMR – Ålesund sjukehus ved sjukehuskoordinator Bjarte Jensen

*Frå Helse Møre og Romsdal HF:*

Samhandlingssjef Lena Bjørge Waage (f.o.m. sak 5/2019)

Andre:

Synnøve Vasstrand Synnes, påtroppande kommunalsjef i Nye Ålesund kommune, no rådmann i Ørskog kommune (sak 3/2019)

### Forfall:

Sandøy kommune ved einingsleiar helse- og omsorgstenester Ann Kristin Røyset

HMR – Ålesund sjukehus ved avdelingssjef for klinikk for psykiatri og rus Nils Arne Skagøy

HMR – Ålesund sjukehus ved avdelingssjef for klinikk for medisin og rehabilitering Gro Åsnes

Stordal kommune ved omsorgsleiar Else Midtbust

Sykkylven kommune ved fagleiar Margit Aure Overå

Brukarutvalet ved Inger Nossen Sandvik

**Møteleiar:** Leiar av Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde, sjukehuskoordinator Bjarte Jensen

**Referent:** Rådgivar Vegard Austnes i Sunnmøre Regionråd IKS

## Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde

**Sak 1/2019: Velkomen til møte i Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde. Godkjenning av innkallinga. Saker til eventuelt.** Ved leiar for Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde Bjarte Jensen

Innkallinga vart godkjent. Det var ingen saker til eventuelt.

**Sak 2/2019: Godkjenning av referat frå forrige møte nr. 2-2018 (24. oktober 2018).** Ved leiar for Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde Bjarte Jensen

Referatet frå forrige møte vart godkjent.

**Sak 3/2019: Organisering av helse- og omsorgstilbodet i Nye Ålesund kommune**  
Ved Synnøve Vasstrand Synnes – kommunalsjef i Nye Ålesund kommune, no rådmann i Ørskog kommune

Det vert vist til Synnes sin presentasjon som følgjer vedlagt.

Nye Ålesund får 6 kommunalområde, mellom desse områda Helse og omsorg, Velferd og sysselsetting og Barn, familie og integrering. Innan desse kommunalområda er det ulike verksemder.

Helse og omsorg får om lag 1400 årsverk, budsjettet vil vere om lag 1,3 milliardar kroner.

Det vert ei utfordring å arbeide på tvers i ei stor kommune, dette må ein finne måtar å kompensere for. Målet er å setje pasienten i sentrum og få til saumlause tenester. Det vert lagt inn stillingar som forløpskoordinatorar med spisskompetanse i tildelingskontoret slik at ein kan følgje opp ulike brukargrupper.

Utfordringsbiletet for helse- og omsorgstilbodet er demografi, økonomi, press på tenestene på ulike nivå (samhandlingsreforma, helseføretaket under press, kraftig reduserte liggjetider i spesialisthelsetenesta og overgang til poliklinikk og dagbehandling – ambulante tenester) og ny kommunerolle og behov for endra tenesteprofil. Ny kommunerolle er å gå frå vere ein forvaltningsaktør til ein aktør som samhandlar med innbyggjarar og frivillege organisasjonar.

Moglegheitsrommet for helse- og omsorgstilbodet er førebygging og tidleg innsats, gode planar, kompetanse, betre samhandling (både med helseføretak og frivillig sektor, eldreråd mfl. og intern koordinering), velferdsteknologi, brukar og pårørande i sentrum – kva er viktig for den enkelte og bruke omsorgstrappa (BEON-prinsippet).

**Sak 4/2019: Møteplass Møre og Romsdal - består av fleire ulike tiltak som skal sikre samhandling og oppgåvefordeling mellom behandlarar på sjukehus, behandlarar i kommunane og pasientane for å få til mest mogleg utgreiing og behandling**  
Ved Stian Endresen - fastlege og praksiskonsulent

Endresen tok utgangspunkt i samhandlingsstrukturen i Møre og Romsdal. Skal ein lukkast med samhandling mellom Helse Møre og Romsdal og kommunane, må ein

## Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde

få med fastlegar/sjukeheimslegar/helsestasjonslegar i samhandlinga. Målet med Møteplass Møre og Romsdal er å utforme retningslinjer for oppgåvefordelinga, der legeråd (behandlarråd) fungerer som ein arena for å fordele oppgåver.

Omfordeling av oppgåver handlar om å sende oppgåver opp frå kommunane og ned frå helseføretaket. Helsepersonell opplever at oppgåver vert flytta både oppover og nedover til der ein arbeider. Det handlar om å skape ein kultur der ein ønskjer å samarbeide. Ein må ha nokre reglar, samt faglege møteplassar og ein plass å drøfte ved usemje. Det er viktig å «snakke kvarandre» opp som helseføretak og kommunar.

Skriftlege retningslinjer gir tryggleik for pasienten, og ein betre arbeidskvardag for helsepersonellet. Når ein opplever å ha for mange oppgåver, må ein fordele oppgåvene på ein best mogleg måte i staden for å «peike på kvarandre.»

Fagleg og praktisk oppgaveomfordeling er ønskeleg, der oppgåvene vert løyst til lavast mogleg kostnad.

Det er utarbeidd retningslinjer for samarbeid mellom fastleger og sjukehus. Målet med desse retningslinjene er å ha ein skriftlig rettleiar for oppgåvefordeling mellom behandlarar på sjukehus, behandlarar i kommunane og pasientane.

Felles legemøter/fastlegemøter er for Helse Møre og Romsdal ein viktig møteplass med fastlegane og kommunalt tilsette legar. Fastlegen sin posisjon som henviser betyr at dei både er «dørøpningar og portvakter» for pasientstraumen inn til Helse Møre og Romsdal. Dette gjer at samhandlinga mellom helseføretaket og denne legegruppa er ekstra viktig.

Meir om Møteplass Møre og Romsdal finn ein [her](#).

**Sak 5/2019:** **Reforhandling av samhandlingsavtalen - Samhandlingsavtalen har til føremål å konkretisere oppgåve- og ansvarsfordelinga mellom kommunane og helseføretaket, og skal bidra til at pasientar og brukarar mottar eit heilskapleg tilbod om helse- og omsorgstenester. Avtalen er no under reforhandling. Korleis går dette arbeidet?** Ved Lena Bjørge Waage, samhandlingssjef i Helse Møre og Romsdal HF

Det vert vist til Waage sin presentasjon som følgjer vedlagt.

I samband med reforhandling av samhandlingsavtalen har det vore møte i forhandlingsutvalet 8. november 2018 og 17. januar, 30. januar og 14. mars 2019. Møteplan og referat frå møta finn ein [her](#).

Waage viste til at det er pasientane ein skal samhandle for. Dei er avhengig av at

## Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde

både helseføretak og kommunar leverer gode tenester, samt klarer å fordele ansvar og oppgåver på ein god måte. Pasientane skal sjølv vere ein aktiv part.

Spørsmålet er om samhandlingsavtalen kan utviklast til å verte eit betre verktøy for samhandlinga. Det er nasjonale forventingar om å gå frå vere avtalepartar til å verte avtalepartnerar.

I reforhandlinga av samhandlingsavtalen ser ein til samhandlingsavtalen i Trøndelag. Reforhandlinga byggjer på den avtalen ein har, men ein ser det som teneleg å samarbeide regionalt i Midt-Norge når det er behov for å ha meir likhet i høve til pasientforløp.

Vidare møter i forhandlingsutvalet er planlagt i mai. Ein håpar å vere ferdig med reforhandlinga samhandlingsavtalen i løpet av første kvartal 2020.

Til neste dialogmøte 20. mai i Molde har ein hatt planar om leggje fram eit utkast til reforhandla samhandlingsstruktur.

Samhandlingsutvalet drøfta behovet for å forenkle avtaleverket, samt rutiner knytt til utskrivingsklare pasientar innan psykiatrien. Frå kommunane vart det sagt at dersom dei skal få nye oppgåver i høve til denne pasientgruppa, må det byggjast opp tenester.

Dei kommunale representantane i utvalet ønskte eit møte med leiinga for klinikken for psykisk helse og rus i Helse Møre Romsdal for å drøfte felles forståing av pakkeforløp innan rus og psykiatri.

### **Sak 6/2019: Ålesund sjukehus – omstilling og planar**

Ved Bjarte Jensen, sjukehuskoordinator ved Ålesund sykehus

Det vert vist til Jensen til presentasjon som følgjer vedlagt.

Jensen orienterte om planar for utvikling av Ålesund sjukehus i eit 15-års perspektiv. Ombygging av mottakelse og nybygg operasjonspost er prioritert.

Jensen viste til tiltaksoversikta, med meirtidsprosjekt, sengeprosjekt, rehabiliteringsprosjekt, endring av tilbod innan spesialisert rehabilitering, tilpassing av døgntilbodet innan psykisk helsevern og rus, fødeprosjekt (samling av fødetilbodet), akuttprosjekt (tilpassing av prehospital- og intensivtilbodet), outsourcing-prosjekt (outsourcing av støtttenester), operasjonsprosjekt (produktivitetsauke innan operativ verksemd) og digitaliseringsprosjekt (effektivisering av arbeidsprosessar gjennom digitale løysingar).

I samhandlingsutvalet vart det drøfta kva som er spesialisert og ikkje-spesialisert

## Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde

rehabilitering. Kommunane har ulik tilbod i dag. Det vart nemnt at spesialistar ute i kommunane kan gjere ein forskjellig i høve til behovet for innlegging til dømes i alderspsykiatrien.

**Sak 7/2019: Evaluering av LSU Ålesund sjukehusområde.** Kva vil vi at LSU Ålesund sjukehusområde skal vere? Ved leiar for Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde Bjarte Jensen

Samhandlingsutvalet var samd om at ein også burde oppnemne brukarrepresentant frå kommunane til lokale samhandlingsutval, ikkje berre frå helseføretaket.

Ein såg det som viktig å ha utval i områda til lokalsjukehusa, men det vart etterlyst ein plan for kva ein skal drøfte i utvalet.

**Sak 8/2019: Manglande epikrise ved utskrivning frå sjukehuset.** Ved einingsleiar Beate Eiken i Haram kommune

I Haram kommune har ein opplevd ein at manglande epikriser tok seg opp igjen etter ein betre periode.

I samhandlingsutvalet vart det vist til at det no er styringskrav om at 70% av alle somatiske og 50% av alle psykiatriske problemstillingar skal ha epikrise klar same dag.

**Sak 9/2019: Eventuelt**  
Neste møte vert 23. oktober 2019. Medlemmane av samhandlingsutvalet har ansvar for å melde inn saker til møtet til sekretariatet.

### **Kopi til:**

*Seksjon for samhandling i Helse Møre og Romsdal HF:*

Samhandlingssjef Lena Bjørge Waage